



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 17/140416-3	Dykkar referanse: 17/20476 – 17/23930	Vår dato: 15.09.2017
------------------------------------	---	-------------------------------	---	-------------------------

Klage – Dispensasjon – Utbetring av kryss – Fv. 402 – Gnr. 172 bnr. 1, 14, 62 og 171 – Hopland – Lindås kommune

Vi syner til vedtak mottatt 29.08.2017, og brev med orientering om vedtak mottatt same dag.

Statens vegvesen klagar med dette på vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for *Seim skule*.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune har gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for *Seim skule med utbetring av fv. 402* for utbetring av kryss frå fylkesveg til privat veg Lurevegen i samband med realisering av reguleringsplan for *Sjøvold*. Tiltaket gjeld dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan når det gjeld utforming av kryss til privat veg Lurevegen.

Tiltaket ligg nær Seim skule. Fylkesvegen er ikkje bygd i samsvar med plan og det er behov for tiltak på strekninga. Vi er særleg opptatt av tilhøve til dei mjuke trafikantane og sikker kryssing av fylkesvegen.

Om saksgangen:

Reguleringsplan for *Sjøvold* vart godkjent i 2017. Vi har i prosessen vore opptatt av at avkøyrslle frå fylkesveg skal opparbeidast i samsvar med Handbok N100 og at det vert etablert sikker kryssing av veg for mjuke trafikantar. Dagens kryssløysing er ikkje i samsvar med godkjent reguleringsplan for *Seim skule*, og det er vurdert at den regulerte løysinga heller ikkje har ei tilfredstillande teknisk utforming.

Statens vegvesen har vore i dialog med Lindås kommune for å finne ei løysing til utforming av fv. 402 med avkøyrslar og kryssing for mjuke trafikantar basert på fylkesvegen slik den ligg i dag. Det er mellom anna utarbeidd ei prinsippskisse som skal ligge til grunn for vidare arbeid

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

med utbetring av fv. 402 på denne strekninga. Kommunen har no fatta dispensasjonsvedtak for deler av denne skissa. Vi har også mottatt søknad om avkørsleløyve direkte frå søker.

Grunngjeving av klage:

Saksbehandlingsfeil:

Vi meiner det er hefta saksbehandlingsfeil ved kommunen sitt vedtaket sidan det korkje er nabovarsla eller sendt på høyring til berørte partar slik det skal etter plan og bygningslova § 19-1.

Behov for reguleringsplan:

Dersom vi hadde fått uttalt oss ville vi rådd i frå ein dispensasjon slik det er søkt om. Det er vårt syn at det er mest føremålstenleg å regulere om denne strekninga av fv. 402, slik kommunen også skisserer behov for i sitt vedtak

Kommunen skriv i sitt vedtak at det er behov for å utføre tiltak på begge sider av vegen, og at det skal opparbeidast fortau og tiltak for sikker kryssinga av veg. Vi ser i dette tilfellet at det er behov for å sjå tiltaka langs fv. 402 i samanheng og at det er behov for å samordne dei ulike tiltaka som skal gjennomførast. Vi viser til pbl. § 12-1 som seier at det skal utarbeidast reguleringsplan der det *er behov for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleir bruk og vern i forhold til berørte private og offentlege interesser*. Gjennom eit planarbeid får ein avklara privatrettslege tilhøve som mellom anna sikrar gjennomføring av tiltak, og som heimlar avkørsle gjennom godkjent plan.

Ein dispensasjon for eit tiltak på den eine sida av vegen kan gje uheldige føringar for det framtidige arbeidet med å få på plass ei god løysing for den samla vegstrekninga, med kryss og avkørsler på begge sider av vegen. Vi meiner difor det er uheldig at kommunen no går vegen om ein dispensasjon som berre løyser utfordringar på kort sikt, og som ikkje ser tiltaka langs fylkesvegen i samanheng. Ein dispensasjon som vedtatt kan hindre ein god gjennomføring plan.

Det tilhøvet at kommunen har planar om å gå i gong med regulering av området ivaretak heller ikkje trafikktryggleiken i praksis. Vi meiner det er lite å hente tidsmessig for utbyggjar å avvante planarbeidet.

Spørsmål om utsett frist på opparbeiding av avkørsle:

Kommunen spør om vi kan sjå på moglegheit for utsetje frist for ferdig opparbeidd avkørsle før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bustadene som skal førast opp i området. De ber også om at det vert vurdert eventuelle mellombelse tiltak som tiltakshavar kan utføre i anleggs- og byggjefasen.

Vi meiner at ei slik utsetjing ville vere i direkte strid med kommunen sitt dispensasjonsvedtak som er grunngjeve med at dispensasjonen skal sikre dei mjuke trafikantane. Anleggstrafikk er i stor konflikt med skulevegen, og det er ikkje er aktuelt å føre meir trafikk inn i avkørsla før den er ferdig opparbeidd. Dette har vi vore tydelege på både i reguleringsplanprosessen

for *Sjøvold* og i dispensasjonssak frå 2017, der det vart søkt om mellombels lagring av massar på same eigedom der det no er søkt om avkørysleløyve.

Konklusjon:

Statens vegvesen ber om at Lindås kommune sitt dispensasjonsvedtak vert oppheva.

Vi rår til at deler av fylkesveg 402 vert omregulert slik at ein får vurdert strekninga samla, sikre samordning og gjennomføring av tiltak, avklare privatrettslege tilhøve, og heimle avkørysler gjennom godkjent plan.

Dersom kommunen vel å gå vidare med dispensasjonssøknaden ber vi om å få saka tilsendt for uttala i samsvar med pbl. § 19–1 og med nødvendige saksopplysingar og dokumentasjon på at privatrettslege tilhøve er avklara.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.